

# MØTEBOK

<b>Kommune</b>	<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtestad</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Frå kl. 19.00</b> <b>Til kl. 21.30</b>
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	7.3.24	

## TIL STADES PÅ MØTET

**Medlemar** Erling Nesbø, Bjørn Ebne, Reidun Bøe Bjørgum, Tor Olav Kvam, Leif Turlid.

**Vara-  
medlemar**

**Andre** Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

## HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

11/24, 12/24, 13/24, 14/24, 15/24, 16/24, 17/24, 18/24, 19/24, 20/24.

## UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

## UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 11/24. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker låg føre:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 5. februar.
- 2) E-post frå Mattilsynet 14.2: Endring av praksis m.o.t. fjelloppsynet si prøvetaking av fallvilt.
- 3) Svar datert 16.2. frå Aurland kommune til masterstudent ved UiB på søknad om skutertransport i samband med sedimentprøvetaking frå Hednedalsvatnet.
- 4) 14.-15.2: Kurs for fjellstyra, Øystese.
- 5) Protokoll Nærøyfjorden verneområdestyre 20.2. Revidert budsjett.  
**Merknad:** Fjellstyret vil levera klage på vedtaket i verneområdestyret, som har stroke alle dei føreslegne tiltaka i Nordheimsdalen naturreservat.
- 6) 22.2. Arbeidsmøte med Aurland kommune m.fl. om revisjon av konsesjonsvilkår Aurlandsutbygginga. Notat datert 1.3.
- 7) E-post frå Statskog SF 23.2: Nytt, nettbasert opplegg for søknad om tilskot frå grunneigarfondet.
- 8) Brev frå Statskog SF 23.2. «Tilsagn om tilskudd til fjellstyrenes oppsyn i statsallmenninger 2024.»
- 9) Brev frå NFS 4.3. Støtte til friluftstiltak innan jakt og hausting, samt generell friluftaktivitet. **Merknad:** For å prøva å kompensera for redusert tilskot til gjennomføring av skulefiskedagar, vil fjellstyret søkja Sogn Sparebank om tilskot til tiltaket. Utan tilskot risikerer me at dette tilbodet ikkje kan gjennomførast i år.
- 10) Årsmøte Aurland Setjefisk SA halde den 5.3.
- 11) E-post 7.3. frå utanbygdsbuande fiskar – spørsmål om garnfiske i Langavatnet, ev. dispensasjon frå fiskereglane. **Merknad:** Denne søkjaren får melding om at søknaden vert handsama saman med eventuelle andre søknader om dispensasjonar frå fiskereglane som kjem inn i.l.a. våren.

---

Aurland, den 7.3.

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 12/24. Fjellstyrerekneskapen for 2023 – 2. gongs handsaming

Ny utgåve av fjellstyrerekneskapen for 2023 låg føre, med dei endringane som fjellstyret hadde vedteke i sak 2/24.

#### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyrerekneskapen for 2023 vert godkjend.

### Sak 13/24. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusellen

Saksutgreiing vedlagt søknad frå Aurland og Stålring skyttarlag låg føre.

#### **Handsaming i møtet:**

Fjellstyret ynskjer å stilla med eit fellingsløyve i år òg. Sidan det enno ikkje er vedteke nokon fellingskvote, veit fjellstyret ikkje kva slags korttypar som vert aktuelle. Det vert difor lagt inn vilkår om kva korttype som vert tildelt jaktkarusellen, alt etter kva korttypar som vert tilgjengelege.

#### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret gjev eit fellingsløyve for rein til jaktkarusellen som skyttarlaga Stålring og Aurland gjennomfører våren 2024. Det er eit vilkår for vedtaket at det vert fastsett ein fellingskvote for Nordfjella i år. Dersom det vert tildelt kvote på kalv, gjev fjellstyret eit kalvekort til karusellen. Dersom kvoten vert tildelt som reine bukkekort, vert eit slikt kort tildelt.

### Sak 14/24. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2024-27 – del 1

Utkast til ny del 1 av planen vart delt ut i møtet.

#### **Samrøystes vedtak:**

Saka vert utsett til neste møte.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 15/24. Revisjon av retningslinjer for elg- og hjortejakt i Aurland statsallmenning

Saksutgreiing med utkast til nye retningslinjer låg føre.

#### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret vedtek dei framlagde retningslinjer for elg- og hjortejakt i Aurland statsallmenning.

### Sak 16/24. Leigeavtale for 2024-27 for elg- og hjortejakta i jaktfelt 2 i Aurland nordre statsallmenning – Aurland jakt- og fiskelag

Saksutgreiing med utkast til ny leigeavtale låg føre.

#### **Samrøystes vedtak:**

Aurland jakt- og fiskelag får fornya leigeavtalen for elg- og hjortejakta i Nordheimsdalen, Aurland nordre statsallmenning for perioden 2024-2027.

Avtaleteksten vert som før, med følgjande endringar:

1. Avtalen gjeld leige av hjortejakt på Aurland nordre statsallmenning, gnr. 57/2 i Aurland kommune. Jaktfelt 2 over høgdekurva 600 m.o.h. frå jaktstart til 31. oktober.
2. Gjennomsnittsvektene som er grunnlaget for utrekning av sluttoppgjeret vert justert ned med 2 kg. på vaksen bukk. Nye gjennomsnittsvecter vert då:

Vaksen bukk	75 kg.
Bukk 1,5 år	48 kg.
Vaksen kolle	55 kg
Kolle 1,5 år	42 kg
Kalv	22 kg.

3. Grunnavgifta blir auka til 2300.- kr. pr. vaksne dyr, kiloprisen 73.- kr/kg på alle felte dyr. Prisauke i samsvar med konsumprisindeksen.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 17/24. Utlysing av hjortejakta i jaktfelt 1 (nedre felt) i Aurland nordre statsallmenning

Saksutgreiing låg føre.

#### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret lyser ut jakta i jaktfelt 1 (nedre felt) i Nordheimsdalen for 2 år, 2024-25. Jaktfeltet vert utlyst med 6 fellingsløyve for vaksne dyr + ev fri kvote på kalv. Fordelinga vert avgjort av kommunen i juni. Jaktlag som søker må ha minimum 4 deltakarar for å verta med i trekninga.

Utlysinga vert gjort på fjellstyret si heimeside og på fjellstyresida i «Aurlendingen,» med søknadsfrist 30. april.

### Sak 18/24. Erstatningsspørsmål i samband med bygging av ny 420 kV kraftline gjennom Aurland nordre statsallmenning

Saksutgreiing låg føre.

#### **Samrøystes vedtak:**

Aurland Fjellstyre er kjent med at Statnett har sendt grunn- og heimelshavarar langs traséen for 420 kV-lina Aurland-Sogndal avtaleforslag med tilbod om erstatning for grunn, ulemper og skade som linja fører med seg. Fjellstyret har ikkje motteke noko slikt avtaleforslag frå Statnett. Fjellstyret er med i oversikten over partar i linjeskjønnet, som heimelshavar under gnr. 57 bnr. 2 i Aurland. Fjellova slær fast at heimelen i statsallmenning er delt; Staten v/Statskog er grunneigar, medan fjellstyret varetek bruksrettane. § 3 i lova seier m.a. følgjande: «Fjellstyret skal administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsallmenningen så langt ikkje anna er fastsett i eller i medhald av lov.»

Fjellstyret er kjent med at Statnett har inngått avtale med Statskog SF om utbetaling av erstatningar for strekninga som går gjennom Aurland nordre statsallmenning. På det tidspunktet avtalen vart underskriven, i slutten av november 2023, gjorde fjellstyret Statnett merksam på at det ville vera urimeleg om Statskog fekk utbetalt heile erstatningssummen, ut frå at denne og skulle dekke ulemper og skader som linjebygginga fører med seg for bruksrettane, dvs. for dei interessene fjellstyret skal vareta. Statnett tok ikkje omsyn til innvendinga, og betalte ut heile erstatninga til Statskog SF.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 18/24, framhald:*

### Erstatningskrav for permanente skader/ulemper

Aurland fjellstyre krev difor no å få tilsendt tilbod om erstatning for skader og ulemper kraftlinebygginga fører til for brukarinteressene i Aurland nordre statsallmenning (gnr. 57, bnr. 2). Når det gjeld omfanget av fjellstyret sin aktivitet i allmenningen, er denne betydeleg større enn Statskog sin (30-50 gonger, ut frå opplysningar henta frå rekneskap). Dette bør tilseia eit eingongsvederlag til fjellstyret som minimum er på nivå med det som er avtalt med Statskog SF.

### Skader og ulemper i anleggstida

I følge «alminnelige avtaleforutsetninger» dekkjer erstatninga ovanfor ikkje skader og ulemper i anleggstida. For brukarinteressene er desse vesentlege;

- Fjellstyret disponerer 53 fellingsløyve for hjort og 2 for elg i området. Kontinuerleg helikoptertrafikk skremmer hjorteviltet langt vekk, og gjer jobben med å fella dyr mykje meir utfordrande. Leigetakar Aurland jakt- og fiskelag søkte fjellstyret om halvert grunnavgift for fellingsløyva i 2023, på bakgrunn av anleggsuro. Laget fekk medhald i dette kravet, og fekk halvert grunnavgifta.
- Helikoptertrafikk og annan anleggsaktivitet fører til at området nær linje-traséen vert lite attraktivt for utøving av fiske og småviltjakt dei tre åra anleggsperioden varer. Tappt inntekt av fiske- og jaktkortsal vert konsekvensen.
- Helikoptertrafikk og anleggsuro fører til vanskar for beitebruken i området. Beitedyr trekkjer vekk frå dei vante beita, og det krevst større innsats for å samla dyra etter beitesesongen.

Desse momenta tilseier at det vert fastsett ei erstatning som og dekkjer skader og ulemper i anleggstida.

Sak 19/24. Søknad frå Aurland Setjefisk SA om redusert timepris for arbeidskraft for 2024

Saksutgreiing vedlagt søknad frå Aurland Setjefisk SA låg føre.

### **Samrøystes vedtak:**

Timeprisen som Aurland Setjefisk vert fakturert med i 2024 vert redusert frå kr 592 (budsjettkostnad 2024) til kr 503 (timekostnad i rekneskap 2023), i samsvar med søknaden frå Aurland Setjefisk SA. Fjellstyret vil oppmoda om at selskapet gjer justeringar i framtidige årsbudsjett og setjefiskprisar, slik at driftsinntektene held tritt med kostnadsutviklinga.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

---

Sak 20/24. Søknad frå skyttarlaga Blåfjell og Undredal om jakthelg for hjort som premie i jaktkarusell

Søknad, i form av e-post frå leiaren i Blåfjell skyttarlag, låg føre.

### **Handsaming i møtet:**

Tor Olav Kvam gjekk frå som ugild under handsaminga (leiar i Blåfjell skyttarlag). Harald Skjerdal melde at han er styremedlem i det same laget, og difor ikkje hadde teke del i sakshandsaminga.

### **Samrøystes vedtak:**

Skyttarlaga Blåfjell og Undredal får tildelt ei helg med hjortejakt i den perioden det vert selt dagskort i Nordheimsdalen. Dei slepp å betala dagskortprisen, men må betala kjøtpreis og fellingsavgift for ev felte dyr. Det vert sett eit tak på 3 løyve på vaksne dyr.

---

Aurland, den 7.3.

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene,  
Blåfjell skyttarlag v/Tor Olav Kvam